

- sikre allmenn fri ferdsle i områder slik som fjellet, strandsona og Langevågsholmane
- støtte tiltak for å få fleire miljø og turstiar rundt om kring i kommunen der dette vil vere til glede og nytte for innbyggjarane
- at kommunen lagar ein overordna reguleringsplan for alle turløypene i Sula og tar over som grunneigar for desse. Det vil gjere det langt enklare for dei frivillige som i dag driftar og vedlikeheld desse med å forhalde seg kun til kommunen som grunneigar
- lage ny reguleringsplan for Vasset friluftspark og sikre offentlig kontroll på areala i planen
- styrke friluftsrådet sitt arbeid
- aktivt bruke offentlege midlar for å sikre friluftsareal til allmenn bruk
- Utarbeide og definere ei markagrense i heile kommunen



Vil du vite meir?

Les heile programmet på
sula.arbeiderpartiet.no eller
bruk QR koden:



Kommunevalet 2023

Frivilligheita, idrett og friluftsliv



Frivillig innsats: ein sterk frivillig sektor som står på egne bein

Frivillig innsats gjer samfunnet vårt rikare og fellesskapet sterkare. Frivillig arbeid fyller ei rolle verken marknaden eller det offentlege kan fylle i samband med omsorg, friluftsliv, integrering, folkehelse, kultur og idrett.

Frivillige organisasjonar bidrar til læring og inkludering og gir folk i alle aldrar høve til å møtast, engasjere seg og tilhøyre eit fellesskap. Frivillig deltaking motverkar einsemd og fremjar folkehelse.

Dei store oppgåvene løyser vi best saman!

Sula Arbeiderparti vil:

- at kommunen yter økonomisk stønad til velforeiningar eller foreldre som tar initiativ til bygging av leikeplassar i nærmiljøet, under føresetnad av at desse er opne for alle barn
- at kommunen gir rettleiing og bistand til velforeiningar som tar initiativ til bygging av leikeplassar i nærmiljøet, slik at leikeplassane kan møte same krava til tryggleik og sikkerheit for både barn og vaksne
- at kommunen bør støtte lokale frivillige organisasjonar som arbeider målretta mot dei som fell utanfor av økonomiske og sosiale grunnar



rettelegging, bør løftast fram som eit overordna prinsipp. Derfor bør ein ta vare på ein variasjon av ulike typar naturområde, både av omsyn til naturen sjølv og dei som brukar naturen.

Idrett og friluftsliv

Idrett og friluftslivsaktivitetar er særskild viktig for å skape eit godt og meningsfullt lokalsamfunn. Idrett skapar engasjement og begeistring og gir auka livskvalitet, trivsel og gode oppvekstvilkår. Vi vil derfor legge tilhøva til rette for å kunne drive idrett, eller nyte friluftsliv.

Dei nasjonale måla for friluftslivspolitikken er å ta vare på og utvikle friluftslivet sin posisjon vidare ved å hegne om allemannsretten. Det å verne friluftslivets naturgrunnlag og sikre allmenne rettar til fri ferdsel og opphald i naturen er viktig. Moglegheita for å utøve friluftsliv som ein helsefremmande, trivselsskapande og miljøvenleg fritidsaktivitet, må oppretthaldast for noverande og komande generasjonar.

Naturvenleg tilrettelegging for friluftsliv med god balanse mellom område med og utan til-

At ein kan oppleve spesielle naturområde med særskilte kvalitetar også i nærområda til byar og tettstader er av høg verdi for allmenta. Det er heller ikkje eit mål at alle naturområde skal vere tilgjengelege for alle, nettopp grunna sårbar natur, topografi og landskap. Sulafjellet, Veddemarka, Eikrem og Solavågsfjellet er nokre slike områder ein må ta omsyn til.

Sula Arbeiderparti vil:

- at det blir gitt støtte til drift og vedlikehald av dei eksisterande idrettsanlegg og forsamlingshus
- støtte lag og organisasjonar som driv fysisk fostring blant unge og eldre
- bidra til å gjere naturen tilgjengeleg for flest mogleg slik at folk i alle aldrar
- kan få bruke naturen og få gode naturopplevingar
- styrke det interkommunale samarbeidet innanfor friluftssektoren